

Fylkesordfører gir slikt svar:

Det var fyrst gjeve konsesjon av NVE til bygging og drift av eit vindkraftverk med samla effekt på inntil 21 MW med nettilknytning og tilhøyrande infrastruktur 17. desember 2013. Dette vedtaket vart påklaga, men seinare stadfesta av Olje- og energidepartementet (OED) i 12. juni 2015. Okla vindkraftverk er eit vindkraftverk forventa produksjon på 71,4 GWh. Lokalt er det delte meiningar om kraftverket.

Selje kommune var positive til vindkraftverket med vilkår om at det vart set krav til ulike avbøtande tiltak. Sogn og Fjordane fylkeskommune frårådde NVE å gje konsesjon i opprinneleg søknad, men klaga ikkje på vedtaket. Fylkeskommunen meinte m.a. at konsekvensutreiingane ikkje var tilstrekkeleg utgreidd.

Seinare har detaljplan og miljø,- transport- og anleggsplan vorte godkjend av NVE, 16.11.2017. Selje kommune hadde ikkje merknadar til planane då.

24. juni 2019 godkjende NVE planendring for Okla vindkraftverk. Dette gjekk ut på å byggja fem turbinar i staden for seks, og å endra høgda på dei til 148,5 m frå 141 og 151 m. I tillegg vart turbinposisjonane justert. Den interne vegtraseen vart òg noko justert og redusert i dei nye planane. Vedtaket til NVE vart påklaga, men seinare stadfesta av OED, 20. mars 2020.

Slik saka står i dag er det gjeve byggjeløyve til vindkraftverket i tråd med konsesjon som er stadfesta av OED i 2015. Etter dette har ikkje sjølve konsesjonen vore på høyring, men stått fast. I dag har ikkje fylkeskommunen noko formell rolle her sidan høyringane tilknytt Okla vindkraftverk er avslutta.